

Når besteforeldre dør


AV JOHN ROALD PETERSEN

Det er skrive mange barnebøker om snille besteforeldre, men få forfattarar har våga seg inn på det vanskelege temaet at besteforeldre også dør ein gong. I år har både Rønnaug Kleiva og Magnhild Gravir våga det.

Rønnaug Kleiva si første barnebok, «Fuglane kor dei flyg», er ei samling prosadikt. Ho som fortel er ei tøff og aktiv jente som bur på ein gard, og er levande med i livet der. Ho har sykkel med masse ekstraustyr som ho har kjøpt for vekepengane sine, ho har ein overlevingskniv som ho fekk til jul, og ho lagar bomber av gamle patronhylser og det raude svoelet på fyrstikker. Ho har eit varmt forhold til bestefaren, og har det heilt flott når ho kan vere saman med han og kviste fure, eller gå på skitur. Saknet blir derfor stort når bestefaren plutsleg blir sjuk, og dør.

Saman med alvoret er det mykje treffsikker humor i boka, og nokre av orda og uttrykka som jenta bruker er akkurat så gode som berre ei litt veslevaksen jente kan få til. Rønnaug Kleiva har fått til ei varm og triveleg bok – om ein triveleg jente. Kari Bøge sine illustrasjonar understekar den fine stemninga i boka.

Ragnhild i Magnhild Gravir si bok «Ragnhild og Besta» bur og på ei gard, og dette er femte boka om denne jenta. Ragnhild er litt under skolealder, og har mykje å gruble på. Mellom anna kva eit hjerneslag er, for det har «Besta»



Tøff jente med bestefar. Illustrasjon av Kari Bøge til Rønnaug Kleivas barnebok.

fått. Besta flytter heim til Ragnhild, men må ligge til sengs heile dagen, og medan dei andre i huset har mykje å gjere, har Ragnhild god tid til å vere saman med Besta. Ho kryp innunder dyna på morgonkvisten, ho ber inn mat, og ho hjelper til med vasken. Men plutsleg er ikkje Besta meir, og Ragnhild er den siste som får snakke med ho. Ei trist, men fint skildra oppleving.

Borghild Rud har illustrert boka.

Rønnaug Kleiva:
«Fuglane kor dei flyg»
Samlaget
Ill.: Kari Bøge.

Magnhild Gravir:
«Ragnhild og Besta»
Samlaget
Ill.: Borghild Rud.